



Tone Julie Kvikstad
Barne-, likestillings- og inkluderingsdep.
Postboks 8036 Dep.

0030 OSLO

Deres ref.

Vår ref / Saksbehandler
12/3527-3 F40 &13
Ingrid Buset / tlf.

Dato:
30.08.2012

HØRING - NOU 2012 : 5 BEDRE BESKYTTELSE AV BARNES UTVIKLING

Fagforbundet er glade for å bli invitert til å svare på denne viktige høyringa og er i hovudsak positive til forslaga som er lagt fram i NOU2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling. Forslaga medfører etter vår forståing ein styrking av borns rettar. Borna er ein av dei viktigaste og mest sårbare ressursane i det norske samfunnet. Dei fortener vern og dei fortener å vekse opp i ein trygg, omsorgsfull og utviklingsfremjande heim.

Vi vil først skissere dagens situasjon i barnevernet, på bakgrunn av våre medlemmer som arbeider der. Vidare vil vi kommentere lovverket og førande prinsipp (det biologiske og utviklingsfremjande prinsipp) og i støtte utvalets forslag. Neste hovudbolk er ein drøfting av fylkesnemnda og forslaget om familiedomstol, der vi påpeikar dagens utfordringar og støttar ein utredning som tek sikte på å løyse desse. Vi vil vidare skildre sentrale utfordringar i den kommunale førstelinjetenesta. Til slutt drøftar vi utvalets forslag om tiltak, fleirkulturelle problemstillingar og tolketenesta, fosterheimstenesta, adopsjon og vern av det ufødde barn.

Raundalen-utvalet har gjort eit viktig og grundig arbeid, og søker å løyse mange sentrale utfordringar i barnevernet. Likevel vil vi hevde at sentrale delar av løysinga er utelatt. Utgreiinga omhandlar i liten grad kapasiteten og arbeidsdagen til medarbeidaren som faktisk skal møte barna og familien. Våre medlemmer som arbeider i barnevernet veit at det er barn som lever under utviklingshemmande forhold fordi barnevernet manglar tid, tiltak og kompetanse. Dette er uholdbart. For at barnevernarbeidaren skal kunne utføre arbeidet sitt på ein fagleg og forsvarleg måte treng dei tid, kompetanseoppbygging og tilgang på gode tiltak. Barnevernarbeidarane har oppgåver som er krevjande og komplekse. Barnevernskantor som består av ein eller to personar er for små til å sikre medarbeidarane eit fagleg miljø og at dei får drøfta vanskelege problemstillingar. Vi oppmodar om minimumsstørrelsar på barnevernkantora ute i kommunane. Det er også eit problem at barnevernet blir kopla inn seint, og at barnevernet ikkje når ut til alle borna som treng det. Tidleg intervensjon, samarbeid med andre instansar og informasjonsarbeid er viktig for å nå ut til dei rette borna i tide. Vi vil utdjupe dette i høyringsforslaget vårt.

Lovverket og førande prinsipp

Det biologiske prinsippet

Familien er normalordringa i det norske samfunnet og barnevernet må ha som siktemål å bidra til å bevare og styrke ein familiestruktur der dette er mogeleg, men ikkje på kostnad av barnets beste. Det er først og fremst barnets rettar som må vernast, ikkje foreldra. Samtidig er det, som utvalet er inne på, viktig å gi foreldra nødvendig støtte og oppfølging for å hjelpe dei til å bli betre og meir kompetente omsorgspersonar, som igjen er til det beste for borna, når dette er mogeleg å oppnå innan eit rimeleg tidsrom.

Fagforbundet vil støtte føringar og anbefalingar om at det biologiske prinsippet er underordna prinsippet om barnets beste når desse to ikkje styrer i same retning. Dessverre er det slik at foreldras interesser ikkje nødvendigvis samsvarar med barnets beste. Gjennomgangen av lovarbeid og offentlege utgreiingar viser at argumentasjon for det biologiske prinsippet i overraskande stor grad er utan referansar til forskning og eller andre kjelder. Det biologiske prinsippet har i stor grad sin legitimitet i tradisjon, erfaring og kulturen vår. Utvalet har vist at det biologiske prinsippet har vore for sterkt vekta, og at det er nødvendig å løfte fram denne debatten (igjen). Det er openbart vanskeleg å skrive i stein om prinsippet er for sterkt eller svakt vekta til ein kvar tid, og det er desto viktigare at debatten er dynamisk og uavslutta.

Det utviklingsfremjande tilknytingsprinsippet

Det utviklingsfremjande tilknytingsprinsippet seier at barnevernet skal vurdere om relasjonen mellom barnet og omsorgspersonane er utviklingsstøttande, i tillegg til å vurdere kor alvorleg omsorgssvikten er og omsorgspersonens eigenskapar og (omsorgs)kompetanse. Etter vår vurdering vil innføring av dette prinsippet tydeleggjere kva krav og prioriteringar som er nødvendige å ta stilling til i vanskelege barnevernfaglege vurderingar, og forhåpentlegvis motvirke for sterk vekting av det biologiske prinsippet.

Som utvalet understrekar så er det ikkje dei biologiske banda som er avgjerande for barnevernlova. Lova gjeld for alle born og deira foreldre, uavhengig av om barnet er foreldras biologiske barn eller ikkje. Vi meiner også at det er grunnlag for å justere språkbruk i retningslinjer og lovtekster i forhold til utviklinga av nye familiestrukturar, og å finne ein meir korrekt definisjon enn biologiske foreldre.

Rettigheitsfesting av barnevernlova

Fagforbundet vil støtte rettigheitsfesting av barnevernslova. Det er unekteleg slik at i nokre av dei sakene som barnevernet handterer er bornas og foreldras interesser motstridande, og i desse må bornas rettar vere tydelege. Vi håper også at rettigheitsfesting av barnevernslova kan vere med på å tydeleggjere og understreke ansvaret og plikta som (også andre) tenesteytarar har til å melde saker til barnevernet.

Endringsforslaga overfor er viktige for å styrke barnevernets arbeid og legitimitet, men samtidig vil vi understreke at ei av dei alvorlegaste utfordringane til barnevernet er at dei ikkje fangar opp alle borna som treng hjelp. Det er eit komplisert arbeid å sikre at desse borna får oppfylt dei rettane som allereie eksisterer i dag. Til dette trengs andre tiltak og endringar som vi vil utdjupe nedanfor.

Forslag om familiedomstol og andre endringar knytt til rettssystemet

Barnevernssaker er komplekse og langsiktige og det er avgjerande at dei blir behandla av menneske med erfaring, føresetnader, kompetanse og interesse for feltet. Fylkesnemnda har fått mykje kritikk, og Fagforbundet er glade for at utvalet retter søkelyset på denne ordninga. For lange ventetider og for lite fagkompetanse i nemnda er to store utfordringar mot rettstryggleiken til borna og deira familiar. Fagforbundet har tidlegare vore kritiske til endringa der ein reduserte talet dommarar frå to til ein (viser til Fagforbundets innspel av 19.12.2011, saksbehandlar Kristin Skogli). Med tanke på kompleksiteten i mange barnevernssaker, er det viktig at nemnda er rusta med tilstrekkeleg og kompetent fagpersonell. Det er avgjerande at det sit fleire fagpersonar med lang erfaring og for å kunne ta gode avgjerder, forankra i barnets beste. Ein må gjere ein grundig vurdering av fylkesnemnda opp mot andre alternativ. Dette vil ta tid, og derfor må Departementet umiddelbart gjere grep for å skåne borna for uavklarte og/dårlege omsorgssituasjonar på grunn av ventetid ved å ruste fylkesnemndene med nødvendig kompetanse og ressursar.

Fylkesnemndene er eit forvaltningsorgan, og avgjerda som fattast her er eit hjelpetiltak. Fylkesnemndene skal være ein reiskap i hjelpeprosessen rundt barnet, og avgjerdene er ikkje meint å være straffereaksjonar. Fagforbundet meiner det er sterke faglege argument for framleis å behandle barnevernssaker som forvaltningsvedtak, og ikkje overføre dei til ein særdomstol. Mykje av kritikken mot fylkesnemndenes behandling av saker i dag, er at systemet allereie ligg for nær opp til ein retts sak, og aukar konfliktnivået. Ein tiltale- og forsvarsmodell med vinnarar og taparar høyrer ikkje heime i saker der det er barnet sin totale livssituasjon som skal hjelpast. Ei sentral utfordring er korleis å forvalte og bruke makt som virkemiddel på ein god måte i ein hjelpeprosess. Målet er å bidra til gode prosessar for barn og deira familiar.

Fagforbundets medlemmer i det kommunale barnevernet melder om at dei brukar mykje tid på å "samle bevis" og underbyggje saker som skal opp i nemnda. Det vert lagt ned store ressursar i dette arbeidet, som kan gå ut over andre deler av barnevernstenesta sitt arbeid for barnet. I fylkesnemnda vert det viktig for barnevernstenesta å dokumentere foreldras manglande omsorgsevne, for å få gjennom ønska hjelpetiltak. Dette skaper lite rom for samarbeid i etterkant av behandlinga, og kan ofte bryte ned heller enn styrke dei biologiske foreldra sin omsorgsevne. Det er ein utfordring å få nemndsvedtaka fleksible nok, slik at dei kan fungere som rammer og reiskap for dei som skal sikre barna ein god omsorgssituasjon. Barnevernssaker er i sin natur komplekse, og fylkesnemndinstitusjonen må fremje samarbeid og eit langtidsperspektiv i sterkare grad.

Utvalet føreslår ein utredning om ein form for "family court"-ordning, som kan erstatte dagens fylkesnemndsordning. Argumentet for ein slik ordning er kortare ventetid og ein meir spesialisert kompetanse. Samtidig er motargumentet mot særdomstolar at dei kan bli einsretta og tape heilskapsbiletet.

Fagforbundet er usikre på om nemndas oppbygging og struktur er godt nok innretta, men vi er også usikre på om ein særdomsstol er eit betre alternativ. Dette er eit viktig spørsmål som vi håper det vil jobbast vidare med. Fagforbundet ønskjer ein grundig og kritisk gjennomgang av fylkesnemndordninga og utredning av alternativ velkommen. Vi håper ei

slik utgreiing vil gi svar på korleis ein løyser dei sentrale utfordringane nemnt ovanfor. Om dette blir best ivareteke gjennom ein familiedomstol eller gjennom opprusting av fylkesnemnda håper vi at ei slik utredning kan svare på. Vi vil då oppmode om at også ein ordning med regionale domstolar blir vurdert, etter modell av dei regionale arbeidsrettsdomstolane før 2005. Ein bør også sjå på korleis barnevernssaker blir behandla i tingretten og om kompetansen der er tilstrekkeleg. Dersom kompetansen ikkje er tilstrekkeleg bør ein vurdere om det er ein fordel om desse saken blir silt til eit fåtal domstolar, slik at ein kan konsentrere kompetanse i desse.

Den kommunale førstelinjetenesta og førebyggjande arbeid.

Bemanningsnorm

Som skildra ovanfor så har den kommunale førstelinjetenesta store utfordringar. Det hjelp ikkje å understreke i lova korleis dei ulike prinsippa skal vektast viss ikkje dei tilsette har ein trygg arbeidsplass med tid til og miljø for barnevernfaglege drøftingar. For at dei tilsette skal ha høve til å praktisere og utvikle den kompetanse dei har, og for at dei skal vere/bli erfarne, trygge og kompetente fagpersonar, er det avgjerande at dei får tid til å utføre jobben sin på ein tilstrekkelig og god måte. For at ei endring i vektning av det biologiske prinsipp skal bli praktisert, er det avgjerande at dei som skal utøve prinsippet i praksis, har tid til gjere grundige vurderingar og å ivareta det enkelte barn og familiens behov. Fagforbundets medlemmer gir tilbakemelding om at dersom dei skal utføre arbeidet på ein fagleg forsvarleg måte, kan dei ikkje ha 20-30 saker per saksbehandlar. Talet på saker per saksbehandlar må vere på eit forsvarleg nivå, og Fagforbundet meiner at departementet må vurdere korleis ein sikrar dette. I eit slikt arbeid vil det vere naturleg å vurdere ein bemanningsnorm, og be organisasjonar og fagmiljø om innspel om kva som vil vere eit riktig intervall.

Gjennomtrekken av arbeidskraft i den kommunale barnevernstenesta må ned. Barnevernet må vere ein attraktiv arbeidsplass og dei tilsette må ha tilstrekkelig tid til å drive grundig saksbehandling. Det er avgjerande at ein satsar på å bygge stabile fagmiljø, med gode leiarar og kompetanseutvikling på alle nivå, der barnevernsarbeidarane får høve til å utvikle seg til trygge og kompetente sosialarbeidarar som forvaltar myndigheita og ansvaret sitt på ein klok og god måte.

Samarbeid

Samarbeid med andre instansar, som til dømes familievernkontor, krisesenter, barnehage, helsestasjon, skule, tannlege og NAV er absolutt nødvendig for å sørje for tidleg intervensjon og i nokre tilfeller for å sikre treffande tiltak. Samarbeid mellom desse instansane burde vere ein sjølvfølgje, men likevel veit vi at dette ikkje fungerer godt nok i praksis, det blir ikkje realisert. Instansane må vere meir bevisste sine plikter og ansvar til å melde frå – og følgje opp. Dei må også kommunisere seg i mellom og dele informasjon og kunnskap når dette er nødvendig for å ivareta borna. Tilsette i desse institusjonane må ha bredde i erfaringane sine med born som gjer dei i stand å sjå, høyre, møte og ivareta dei utsette barna som har behov for barnevernets kompetanse og vern. Fagforbundet støttar utvalets forslag om å styrke denne type instansar og å sikre at dei har betre kunnskap om utsette barn og unge og om barnevernets rolle. Vi vil også understreke utvalets påpeiking av at politkarane har eit ansvar for å gi barnevernet større legitimitet.

Tiltak

Det er viktig å formidle informasjon om tiltak gjennom Ungsinn-databasen, og at ein sørgjer for å bruke effektive tiltak, men det er også viktig at det er rom for nyskapingar i barnevernet og fleksibilitet til nødvendige tilpassingar til det enkelte barnet. Databasen må altså ikkje reknast som uttømmandes. Det bør vere tydeleg presisering av krav til oppfølging og evaluering av tiltak. Samtidig vil vi påpeike at tiltak aleine ikkje endrar situasjonen. Det er prosessane som følgjer av tiltaka som kan føre til endring.

Barnevernsarbeidarens viktige oppgåve er ofte å styre desse prosessane slik at barnet får positive utviklingsmogelegheiter. Presisering av krav til oppfølging og evaluering av tiltak må vere tydelege. Fagforbundet støttar utvalet i at det er viktig å sikre at desse tiltaka er treffande, slik at ein unngår at hjelpetiltak blir brukt lengre enn nødvendig, at ein unngår unødvendige omsorgsoverakingar og for seine omsorgsovertakingar. Borna er sårbare og dei har inga tid å miste, uavhengig av utfall av saka.

Tiltak utan foreldras samtykke

Forvaltning av tvangsmyndigheit er vanskeleg. Forslaga frå utvalet om å utvide bruken av tvangsmyndigheit vil stille barnevernsarbeidarane overfor verkeleg store utfordringar og legge endå større press på ressursane til den enkelte barnevernarbeidar. Det er nødvendig å sikre nok tid, oppbygging av kompetanse og fagleg støtte. Samarbeid med foreldre og familiar i krise, som utsett borna sine for ulike typar omsorgssvikt er omstendig, sensitivt og tidkrevjande arbeid. Å opparbeide ein relasjon og tillit krev eit stabilt arbeidsmiljø og den enkelte sosialarbeidar må ha høve til å følgje familien tett. Å arbeide mot foreldras vilje krev høg kompetanse. Ein jobbar i motstand. Tvangsbruken kan også auke/medføre motvilje frå barnet og setje barnet i ein lojalitetskonflikt. Skal hjelpa fungere må tvangsmyndigheita (eller anna myndigheit) brukast på ein slik måte at foreldra er trygge på barnevernsmedarbeidarane og ønskjer å lytte til dei. Tvangsmyndigheita må nyttast i kombinasjon med respekt for foreldra og familien. Foreldra må ha tilgang på støtte frå andre partar, særleg dersom foreldra ikkje har tillit til barnevernet.

Bruk av tvang er nødvendig og riktig i nokre tilfeller, men vi er bekymra for at tvangstiltaka skal bli brukt for ofte. Vi er usikre på om ein utvikling mot meir bruk av tvang, og det å gi barnevernet ytterlegare tvangsmyndigheit enn det har i dag, vil føre til betre ivaretaking av barnets beste.

Vi er glade for å sjå at utvalet understrekar foreldras behov for støtte og er positive til forslaget om betre samarbeid med familievernkontora og/ implementering av den danske modellen med ein støtteperson for foreldra. Barnevernsmedarbeidaren må også ha tilgang på rettleiing som sikrar at medarbeidarar er trygge og kompetente og at dei utøvar myndigheita si på ein god måte. Tvangsmyndigheit må ikkje bli ein erstatning for langvarig og grundig endringsarbeid i utsette familiar.

Fleirkulturelle problemstillingar og styrking av tolketenesta.

Vi vil påpeike at einslege mindreårige asylsøkarar(EMA) er ei gruppe barn og unge som openbart treng eit kompetent apparat rundt seg som kan gi nødvendig støtte, helsetenester og omsorg. Vi vil stille spørsmål ved at UDI framleis har ansvaret for EMA mellom 15 og 18 år, når omsorga for EMA under 15 år ligg til barnevernet. Mange av desse ungdomane treng barnevernets kompetanse, og det hastar å få dette endra. Ved overføring av ansvaret må barnevernet rustast med nødvendige ressursar og kompetanse.

Det er også viktig å styrke barnevernarbeidarane sin kulturelle kompetanse for at dei skal i større grad lykkast med arbeidet sitt i møte med familiar frå ulike og/kriserammar delar av verda. Ein stor del av barnevernets brukarar har fleirkulturell bakgrunn, og barnevernet har eit arbeid med å bygge opp kompetanse som gjer dei i stand til å ivareta desse borna og familiane betre.

Tolketenesta må styrkast og synleggjerast i barnevernet. Dette er nødvendig for å ivareta bornas rettstryggleik. Tolketenestene må profesjonaliserast og tilpassast borna, slik at borna og familien forstår barnevernets hensikt, framgangsmåte og hjelpetiltak på sitt morsmål. Tolkane må også vere spesielt opplært til å tolke for born.

Som utvalet og barneombodet er vi svært kritiske til at born blir brukt som tolk. Dette av omsyn til borna som tolkar, barnet det blir tolka for og av omsyn til generelle krav til kvalitet på tolketenesta og behov for særleg kompetanse ved tolking av born.

Fagforbundet ønskjer ein satsing på offentlige tolketenester, som sikrar god tilgang, kontinuitet og kvalitet på tenestene, og gode arbeidsvilkår for tolkane. Det er viktig at det vert satsa på kompetansebygging og utvikling av fagmiljø. Ordninga med private tolkeformidlarar imøtekjem i lita grad krava til kvalitet. Det er kostbart og tidkrevjande å bruke tolk og dette må kommunar med stor minoritetsbefolkning ta høgde for. Fagforbundet meiner det er nødvendig å sette tolking som egen post i barnevernbusjettet.

Vi vil også støtte utvalets forslag om meir strategisk opplysningsverksemd og standardisert og oversette informasjonsbrosjyrar for å nå born med minoritetsbakgrunn. Det er også nødvendig å sikre meir og betre kunnskap om minoritetsborn i Noreg gjennom forskning og utredningar.

Fosterheimstenesten

Fagforbundet er svært glade for at utvalet drøftar fosterheimstenesta og behovet for styrking av denne tenesta. Fosterheim er det mest brukte tiltaket for born under offentleg omsorg, og en viktig del av det norske barnevernet. Det er nødvendig med tydelegare klargjering av fosterheimens funksjon, og på kva fosterfamiliar treng av oppfølging, inkludert faglig og økonomisk støtte.

For at fosterheimen skal lykkes, er det viktig at fosterforeldra får forsvarlige og gode rammer til å utføre oppdrag sitt. Fagforbundet etterlyser kontraktar som gir fosterforeldre gode forsikringar, pensjonspoeng, feriepengar og en godtgjering som tillet vanlig levestandard. Det er også nødvendig å samkjøre lovverket på ein måte som gjer det muleg for trygda personar å vere fosterforeldre, utan at dei skal bli økonomisk skadelidande. Fagforbundet arbeider for at fosterforelder-kontraktar, som ikkje lenger kan vere forankra i privatjuss. Kontraktane må sikre omsorgspersonar rettferd, rettar, rettleiing, oppfølging osv. Fagforbundet meiner dette er heilt sentrale tiltak for å styrke fosterheimsomsorga.

For å rekruttere fleire til å bli fosterforeldre er det viktig at fosterheimane får nødvendig støtte, rettleiing og oppfølging. Dette krev kompetente medarbeidarar som har tid til å møte fosterforeldra. Fosterforeldra er også, som barna, avhengige av kontinuitet og stabilitet i

barnevernets arbeidskraft. Fosterforeldra må bli inkludert i barnevernet som ein likeverdig samarbeidspartnar. Når familiar har fått eit fosterheimsoppdrag, burde dei møte openheit, samarbeidsvilje og respekt frå barnevernets tilsette. Dette er avgjerande for at fosterforeldra skal vere i trygge i arbeidet og omsorga dei skal utøve og for at dei skal kunne anbefale andre å ta på seg et slikt oppdrag.

Slik det er i dag, erfarer Fagforbundet at mange fosterforeldre brukar unødvendig mykje tid og krefter på å kjempe for å skaffe fosterbarnet eit tilbod – frå barnevernet og andre tenester - som barnet har rett på. Vi ser for mange eksempel på konflikter mellom barnevernstenesta og fosterforeldra om frikjøp og utgiftsdekking. Dette er partar som eigentleg burde samarbeide og støtte kvarandre i arbeidet med barnets tryggleik og utvikling. Alt for mange av våre medlemmer fortel at i ein krevjande kvardag, er konflikter med barnevernet den største påkjenninga.

Tilsyn i fosterheim

Regelverket for tilsyn med fosterheimar blir ikkje tilstrekkeleg etterlevd. Fleire av Fagforbundets medlemmer i fosterheimsoppdrag fortel at dei ikkje har hatt dei lovfesta tilsynsbesøka. Tilsynet sviktar både av omsyn til kor ofte det er tilsyn og kvaliteten på besøka. (Hyppig utskifting av tilsynsførar, fagleg uforsvarlege tilsyn med korte besøk og så vidare.) Praktisering av heilt sentrale delar av barnevernets lovverk sviktar og det medfører ein grov krenking av fosterbarnets rettar og rettstryggleik. Dette blir påpeika av utvalet, men vi saknar konkrete tiltak som løyser problemet, og ber om at dette blir teke tak i.

Adopsjon

Fagforbundet vil støtte utvalets forslag om at adopsjon alltid blir vurdert i tilfeller der born er tidleg og varig plassert i fosterheim. For born under 18 månader anbefalar utvalet at det blir teke stilling til adopsjonssak ikkje seinare enn eit år etter plassering. For born mellom 18 månader og 4 år foreslår utvalet at adopsjon skal bli vurdert seinast innan to år etter fosterheimsplassing. Utvalet ønskjer også at barnevernet avklarar med fosterforeldre om dei er villige til å adoptere dersom omsorgstiltak bli resultatet av barnevernssaka. Utvalet anbefalar at det bør vere obligatorisk for fylkesnemnda å vurdere tilknytingskriteriet i alle tilbakeføringssaker behandla av fylkesnemnda når det har gått meir enn 2 år etter at barnet er plassert i fosterheim.

Fagforbundet synes at anbefalingane om adopsjon er gode, og støttar forslaga. Det er viktig at desse vurderingane blir gjort grundig og at både foreldre, fosterforeldre og medarbeidarar får nødvendig rettleiing og støtte i desse prosessane. Vi vil også be om ein utredning om open adopsjon, då dette kan vere eit alternativ til lukka adopsjon, men som utvalet skriv er det lite erfaringar med dette i Noreg. Det er også viktig å understreke at barnets beste alltid er målet, og at adopsjon er ein måte å oppnå barnets beste, aldri eit mål i seg sjølv.

I de tilfeller der omsorgsansvar og – rett blir fråteke dei biologiske foreldre, må ein alternativ foreldrefunksjon styrkast. Forsking og erfaring viser at mange fosterbarn har fysiske og psykiske funksjonsnedsettingar og/eller problem. Dette kan vere skader påført under mors graviditet, i spebarnstida og i dei første leveåra. Sjølv born som tidlig blir plassert i egna omsorgstiltak, kan ha betydelige skader. Vi støtter utvalets forslag om å utrede mulegheita for at barnevernstenesta kan tilby den hjelpa fosterforeldra meiner at dei

treng etter adopsjon. Dette må særleg omhandle born med spesielle behov. Det er avgjerande at de adopsjonsfamiliene som treng det, framleis får fagleg og økonomisk oppfølging og det må vere kontinuitet i støtteapparatet. Sjølv om den formelle statusen til barnet endrar seg, og barnet då i prinsippet er ”ute av systemet” må barnevernet ta ansvar for å legge til rette for kontinuitet i hjelpeapparatet slik at barnet framleis får den økonomiske og barnevernfaglege hjelpa som det er behov for. Dette er særleg relevant i forhold til adopsjon av eldre barn. Det er svært viktig at adopsjon ikkje brukast som eit tiltak for å spare pengar.

Vern av det ufødde born

Fagforbundet vil støtte utvalets forslag om igangsetting av eit arbeid med å sikre betre vern av ufødde born mot vold, overgrep, smitte og anna skade som kan forhindrast gjennom rettsvern og betre hjelp frå offentlege etatar. Helse- og sosialtenesta bør etter lov påleggast å varsle barnevernstenesta om gravide mødre som har ein livsførsel som kan skade det ufødde barnet. Vi vil også støtte ein revurdering av beviskravet i sosialtenestelova § 6-2a (om tilbakehald av gravide). Dette er vanskelege vurderingar og det er viktig å ivareta rettstryggleiken til den gravide. Samtidig er det snakk om uoppretteleg skade, og erfaring viser at tiltaka gjerne kjem for seint i dag. Det er også nødvendig med styrka samhandlinga mellom instansar.

Avslutning

Fagforbundet vil i hovudsak støtte endringane føreslått i NOU 2012:5 Betre beskyttelse av barn utvikling, som gjennomgått i høyringssvaret.

Fagforbundet synes NOUen er grundig, men at nokre analyser manglar. Fagforbundet etterlyser ein grundigare drøfting av kvifor born ikkje får tilstrekkeleg hjelp av barnevernet, og blir i familiesituasjonar som trugar helse og utvikling. Vi synes at diskusjonen av det biologiske prinsippet er viktig, men det er også mange andre faktorar som forklarar kvifor born lever under forhold som er skadelege for helse og utvikling. Det er ein rekke strukturelle forhold i barnevernet som fører til at born ikkje får rett hjelp til rett tid. Underbemanning, mangel på egne tiltak og manglande rettleiing og anna kompetanseutvikling, er alle variablar med stort forklaringspotensiale for dagens unnlatingssynder. Beslutningstakarar på både kommunalt og statleg nivå må ta ansvar og sørge for å leggje til rette for at barnevernet får gjort ein god jobb. Det er viktig for Fagforbundet å framheve at vi må ta born og familiar i barnevernet på alvor. Dei fortener tilstrekkeleg oppfølging prega av kontinuitet og god kvalitet.

Utvalet kunne med fordel ha synleggjort desse andre og viktige årsakene til at barn lever under utviklingshemmande oppvekstforhold. Vi vil særleg framheve at tilstrekkeleg bemanning må vere på plass for at tiltaka som utvalet føreslår skal få ønskt effekt.

Med helsing
FAGFORBUNDET

Jan-Tore Strandås
(sign)
Fagleder

Ingrid Buset
(sign)
rådgivar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.